



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 5f3e7245-43df-402e-a4f5-428ef417be8d

Vår: 21/138 - 21/6645

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

29.01.2021

Gbnr 146/6 Fosse ytre - uttale kultur

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om ny kai og privat VA-anlegg knytt til eksisterande garveri på Ytre Fosse. Søknaden omfattar også dispensasjon frå LNF-føremålet og frå plan- og bygningslova § 1-8 for byggeforbodet i 100-meter beltet mot sjø.

Eigar av garveriet på Ytre Fosse har gjort ein imponerende jobb med å redde og setja i stand det gamle garveriet. Tiltaket det no er søkt om vil letta vedikehaldsarbeidet og gje bygget betre tilkomst som gjer at det vil kunna brukast meir. Begge delar er viktig for å ta vare på bygget. Tiltaket er planlagt i tett dialog med Kulturverntenesta i Nordhordland og med omsyn til kulturminneverdiane i bygget.

I føresegnene til omsynssona for den indre farleia i kommunedelplan Knarvik-Alvesund med Alverstraumen 2019-2031 står det at det skal takast omsyn ved plassering og utforming, for å unngå negative estetiske og miljømessige konsekvensar. I rapporten for Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland er det trekt fram at det særleg er treplanting og attgroing, brukonstruksjonar over leia og høge konstruksjonar som er særleg sårbart for landskapet i den indre farleia. Det er vår vurdering at tiltaket det er søkt om ikkje reduserer verken dei estetiske eller miljømessige kvalitetane i den indre farleia. Tvert i mot meiner me at tiltaket er med på å ta vare på eitt av dei kulturminna som gjev den indre farleia høg opplevingsverdi.

Me har ingen merknader til tiltaket.

Med helsing
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG